

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

**Møte:** 1-2016  
**Tid:** Fredag 5. februar kl. 09:00 - 14:15  
**Stad:** Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Jon Askeland, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekav, Stian Herøy, Kristin Nåmdal (varaordfører Modalen)
<b>Rådmenn:</b>	Ingvild Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen, Øivind Olsnes, Jarle Landås, Jostein Førre (frå sak 3/16), Ørjan Raknes Forthun (frå sak 4/16)
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Anne Hildegunn Færøy, Bent Gunnar Næss (sak 5/16), Kari Evensen Natland (sak 4/16)
<b>Andre:</b>	Lindås kommune: Kari Eidnes Bjørkheim (sak 3/16) Nordhordland Biosfæreområde: Petter Emil Kaland (sak 4/16)
<b>Forfall:</b>	Reidun Halland, Jan Olav Osen, Vidar Bråthen, Tom Kristian Thorsen

<b>Sak 1/16</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 2/16</b>	<b>Godkjenning, protokoll møte 7-2015</b> Møteprotokoll frå møte 7-2015 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 3/16</b>	<p><b>Orientering om velferdsteknologiprojektet i Lindås kommune</b> (vedlegg) Kari Eidnes Bjørkheim, prosjektleiar, informerte om omsorgsteknologiprojektet (OMT) i Lindås kommune. Dette er eit nasjonalt pilotprosjekt. Ho innleia med film: <a href="http://www.tv2.no/2015/03/15/nyheter/6682852">http://www.tv2.no/2015/03/15/nyheter/6682852</a></p> <p>Bakgrunnen for prosjektet er å halda brukarane på eit lågast mogeleg omsorgsnivå – noko både brukarane og kommunen er mest tent med. Omsorgsteknologi skal bidra til betre tryggleik og sikkerhet, og styrka den enkelte si evne til å klara seg sjølv i kvardagen.</p> <p>Få ynskjer hjelp til oppgåver dei kan utføre sjølv - med eller utan hjelpemidlar. Fyrst er det imidlertid viktig å leggja til rette for at innbyggjarane skal halde seg så friske så mogeleg – lengst mogeleg. Folkehelse: dørstokkmila, Knarvik mila, gangveggar og grøntareal i lokalmiljøet.</p> <p>Bjørkheim peika på at ein treng motorar / drivarar ved innovasjon. Ein vil oppleve at det kan bli ein del motbakkar og motstand. Erfaringar vedr. organisering av tenestene</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ jus – heimel av ny teneste</li> <li>▪ endring av tankesett og arbeidsmåte = ressurskrevjande</li> <li>▪ må prioritera kompetansebygging og -utvikling</li> <li>▪ leiing og styring må vera tett på</li> <li>▪ behov for ein «motor»: styring, framdrift, oversikt og motivasjon</li> <li>▪ etikkfokus – brukarfokus og ikkje teknologifokus</li> <li>▪ dagleg drift: – krev meir enn vanlege tryggleiksalarmar</li> <li>▪ samforstand: kva er viktig og må prioriterast</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ forankrings- og internt informasjonsarbeid</li> <li>▪ teknologiske utfordringar – er teknikarane tett nok på?</li> </ul> <p><b>Oppnådde vinstar i prosjektet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ kan spare ressursar pga. redusert behov for tilsyn og institusjonsplass.</li> <li>▪ auka tenestekvalitet. Tilbakemeldingar frå tilsette er at omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering aukar trivselen.</li> <li>▪ i prosjektperioden har ein møtt behov for tenester med omsorgsteknologi, og dermed unngått auka kostnad til personell. Ein har kunna prioritert personell på rett stad til rett tid.</li> <li>▪ pr. i dag kan fleire av innbyggjarar fortsatt bu heime og har unngått institusjonsplass med dei kostnadane det ville gitt. Korttidsplassar vert friggitt og ein sparar midlar i forhold til utskriving til sjukehus og avlastning.</li> <li>▪ personar kan helda fram med sin fysiske aktivitet trass i nedsett kognitiv funksjon</li> <li>▪ tryggleik og avlastning for pårørande</li> <li>▪ meningsfull arbeidsmåte for tilsette</li> <li>▪ kommunen er i forkant av dei utfordringane ein vil møte framover</li> <li>▪ personar opplever fridom =&gt; livskvalitet</li> <li>▪ unngår eventuelle leiteaksjonar. Desse er kostbare for samfunnet.</li> <li>▪ færre tilsyn</li> </ul> <p>Det kostar imidlertid å setja i gong eit sånt prosjekt – det må setjast av ressursar til opplæring og kompetanseheving. OMT ein dynamisk teneste som krev oppfølging, men det er auka utgifter til inntekts ervervelse. Ein må sjå heile kommuneøkonomien under eitt. Ikkje sikkert det er den eininga som utfører tenesta det er innsparing i. Auka utgifter i heimetenesta, men kanskje innsparinga kjem i sjukeheimseininga med reduksjon av sjukeheimsplassar</p> <p>Avslutningsvis peika Bjørkheim på at ein må ha gode beredskapsplaner dersom straum m.v. dett ut – og så må leiinga gå føre og motivera dei tilsette.</p> <p>Kontaktinformasjon til Kari Bjørkheim er: kari.bjorkheim@lindas.kommune.no</p>
<p><b>Sak 4/16</b></p>	<p><b>Nordhordland Biosfæreområde</b> (vedlegg)</p> <p>Petter Emil Kaland og Kari Evensen Natland informerte om status for biosfæreprosjektet. Sidan det er nye ordførarar i rådet, vart det fyrst gitt ei kort innleiing om kva eit biosfæreområde er, og kvifor Nordhordland passar så godt inn i dette programmet. Universitetet i Bergen (UIB) er som avtalepart sentral i prosjektet, og dei har no etter fleire år med planlegging fått tildelt eit UNESCO-professorat om bærekraftig utvikling. UNESCO-professoratet er utarbeida med bakgrunn i erfaringane frå fleire større tverrfaglege prosjekt ved UIB og det førebuande arbeidet med det første norske biosfæreområdet.</p> <p>Status er at forprosjektsøknaden vart levert i januar 2015. Den norske MAB-komiteen hadde sitt første møte i november og skal handsama søknaden i mai. Arbeidet med hovudsøknaden og prosjektportefølje er godt i gong. Prosjektet startar no med utadretta kommunikasjons- og informasjonsarbeid.</p> <p><b>Prosjekt ein jobbar med no er:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Smaken av Nordhordland - matklynge</li> <li>▪ Heilskapleg landskapsforvalting i Nordhordland</li> <li>▪ NPA-prosjekt Berekraftig turisme</li> <li>▪ Omdømmebygging</li> <li>▪ Internt: Branding &amp; communication – UNESCO-pilot</li> </ul> <p><b>Om prosjektet Heilskapleg landskapsforvalting:</b></p> <p>Det vil bli henta inn oversikt over kommunale planer og initiativ - og ein vil gjennomføra synlege pilotprosjekt. Det vert og jobba med ein temakonferanse (bioøkonomi).</p>

	<p>Det er viktig framover å sikra brei forankring og involvering av interessentar. Det er og viktig at kommunane tenkjer gjennom korleis ein ønskjer å nytta statusen som eit UNESCO Biosfæreområde.</p> <p>Deretter spørsmål og innspel frå rådet.</p> <p>Jarle Skeidsvoll var veldig positiv og ville gjerne ta Osterøy meir aktivt inni arbeidet. Han viste til omdømmebygging og anna lokal forankring. BKK med fleire jobbar no med eit prosjekt ved gamle Herlandsfossen kraftstasjon om å skapa ein aktivitetspark / eit turistmål med galleri, klatreløype, vassleik, vandreteater og handel. Her kan det t.d. vera aktuelt med informasjonssted for biosfæreområdet.</p> <p><a href="http://www.bygdanytt.no/nytt/Planlegg-kraftfull-familieattraksjon-92180.html">http://www.bygdanytt.no/nytt/Planlegg-kraftfull-familieattraksjon-92180.html</a></p> <p>Det vart og vist til eit verna myrområde ved Storavatnet som ikkje ligg langt frå kraftverket.</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes synest og prosjektet er spennande, men peika på at det er ein del skjær i sjøen som må jobbast med. Bl.a. må det kommunisert tydeleg kva buffersoner og vernesoner er – og kva det betyr i praksis. Viss ikkje, er det mange som trur at alt skal vernast. Ho viste bl.a. til situasjonen som har oppstått med Lurefjorden og verneplanane der - og der Fylkesmannen vil hindra all utvikling langs fjorden. Mange koplar dette med biosfæreprosjektet. Det trengs endå meir politisk forankring. Prosjektet vil kosta noko – det må på bordet. Ho stilte og spørsmålet om ein kunne tatt temaet opp på eit Nordhordlandsting og invitert nokon frå eit eksisterande biosfæreområde som kan seia noko om kva eit slikt område betyr lokalt.</p> <p>Peter Emil Kaland bemerka at biosfæreprosjektet ikkje må koplast mot (få skulda for) arbeidet med vern av Lurefjorden eller andre verneområde som ligg innanfor området.</p> <p>Biosfæreprosjektet ynskjer imidlertid å få områda fram – få folk til å ta dei i bruk.</p> <p>Hallvard Oppedal ser og eit spennande prosjekt og Gulen ser for seg at deira kulturprosjekt kan gå inn her. Ein må vera litt på vakt for dette med verneområda - det må formidlast grundig at det ikkje er snakk om nye verneområde.</p> <p>Per Lerøy viste til i vårt område får me fram kulturminne frå steinalder til olje. Men han etterlyste UIB i forhold til det som skjer hos TCM?</p> <p>Rune Heradstveit viste til at prosjektet og NUI før jul hadde eit svært godt møte med rektor og toppleiinga elles hos UIB. UIB prioriterer prosjektet høgt og vil svært gjerne ut med ressursar, dialog og forskning i vår regionen. Her er det berre å gå i dialog med UIB dersom det er noko ein saknar. Prosjektet bør elles snarleg initiera eit møte med miljøvernavinga hos fylkesmannen for å orientera nærare om prosjektet samt å få avklara sentral spørsmål kring begrepsbruk m.v.</p> <p>Når det gjeld økonomi, bidreg kommunane no i søknadsprosessen med kr 500 000 årleg. Dette generer så midlar frå UIB og andre instansar. Kva prosjektet vil kosta etter at det er etablert, vil vera litt opp til oss sjølve vedr målsetjingar m.v. og må avklarast etter kvart. Biosfæreprosjekt vil generera mange både små- og større prosjekt etter kvart som også vil generera aktivitet og ressurstilgang. Nokre småprosjekt er allereie generert.</p> <p>Prosjektet har fått eigen heimeside – bruk denne – den gir svar på spørsmål.</p> <p><a href="http://www.nordhordlandbiosphere.no/">http://www.nordhordlandbiosphere.no/</a></p>
<p><b>Sak 5/16</b></p>	<p><b>Kommunereform. Vidare oppfylging, milepælar og tidsplanar Nordhordlandsalternativet</b></p> <p>Bent Gunnar Næss oppsummerte kort etter Nordhordlandstinget 28. januar.</p> <p>Det vert sendt eit skriv med spørsmål om inntektssystem og arbeidsgjevaravgift til departementet. Dette er kopla til prosessen med Nordhordlandsalternativet.</p> <p>Regionrådet vurderer ein felles uttale når det gjeld generelle problemstillingar kring inntektssystemet.</p>

	<p>Når det gjeld arbeidsgjevaravgift, vil ein gjera departementet merksam på den problematikken som er med ulike sone, og ein vil stilla spørsmål om ein kan behalde ulike soner innafor ein ny storkommune.</p>
<p><b>Sak 6/16</b></p>	<p><b>Utvalstruktur i Regionrådet 2016-19</b></p> <p>Rune Heradstveit orienterte kort om NUI sitt forslag til utvalsstruktur for perioden 2016-19, og viste elles til saksgrunnlaget som var sendt ut. Forlaget baserte seg på erfaringar frå siste periode, må signal, tankar og drøftingar som har vore i perioden og på evalueringane som utvala sjølv har gjort. Fleire framheva at det var ei grundig vurdering og saksutgreiing som var gjort.</p> <p>Regionrådet slutta seg til forslaget om tre utval med føreslåtte endringar av oppgåver og innhald i utvala.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Regionrådet vedtar fylgjande utval og struktur for perioden 2016-19: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utval for helse- og omsorg (tre ordførarar, to rådmenn og to kommunelegar + NUI)</li> <li>○ Utval for nærings- og samfunnsutvikling (tre ordførarar + NUI)</li> <li>○ Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling (tre ordførarar + NUI)</li> </ul> </li> <li>▪ Regionrådet vel ordførarar til utvala. Utvala vel leiar sjølv, utvala har ikkje vara.</li> <li>▪ Utvala utformar sjølv mandat og legg det fram for godkjenning i Regionrådet. Mandatet baserer seg på eksisterande mandat og/eller saksgrunnlaget.</li> <li>▪ Utvala lagar sjølv ein årsplan for sitt arbeid.</li> <li>▪ Desse vart valt til utvala for perioden 2016-19 (utvala valte sjølv leiar og nestleiar). <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Utval for helse- og omsorg <ul style="list-style-type: none"> <li>- Astrid Aarhus Byrknes, leiar</li> <li>- Stian Herøy, nestleiar</li> <li>- Karstein Totland</li> </ul> </li> <li>▪ Utval for næring og samfunnsutvikling <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hallvard Oppedal, leiar</li> <li>- Jarle Skeidsvoll, nestleiar</li> <li>- Per Lerøy</li> </ul> </li> <li>▪ Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling <ul style="list-style-type: none"> <li>- Øyvind Helland Oddekalv, leiar</li> <li>- Jon Askeland, nestleiar</li> <li>- Tom Kristian Thorsen</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>
<p><b>Sak 7/16</b></p>	<p><b>Utgreiing av ny organisering av eigarskapet til spesialisthelsetenesta – innspel til Kvinnslandutvalet sitt arbeid</b></p> <p>Regjeringa har sett ned eit utval som skal utgreia ny organisering av eigarskapet til spesialisthelsetenesta - Kvinnsland-utvalet. Utvalet skal m.a. utgreia alternative modellar for korleis staten kan organisera sitt eigarskap til og innrette eigarstyringa av føretak som tilbyr spesialisthelsetenester, og gje ei tilråding om val av modell. Eit utval av interessentar er invitert til å komma med innspel til utvalet sitt arbeid. Fristen for innspel er sett til 1. mars 2016.</p> <p>Tord Moltumyr, kommuneoverlege i Meland har lagt denne saka fram for Helseutvalet og stilt spørsmål ved om kommunane bør vurdere å komma med felles innspel til Kvinnsland-utvalet sitt arbeid. Helseutvalet er samd i at kommunane bør vurdere å gje innspel til dette arbeidet,</p>

	<p>og at dette er ei viktig politisk sak som bør løftast inn til politisk diskusjon. Helseutvalet ber om at Regionrådet drøftar saka og vurderer om det skal lagast ei felles uttale frå kommunane.</p> <p>Regionrådet drøfta saka.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Regionrådet vil utarbeide ein felles uttale på vegne av kommunane. Rådet vurderer om ein felles uttale bør til behandling/godkjenning i det enkelte kommunestyre.</li> <li>▪ Det vert set ned ei mindre arbeidsgruppe som vurderer punkt i utvalet sitt oppdrag som kan få konsekvensar for regionen og for kommunane sine tenester. Grappa kan knyta til seg naudsynt fagkompetanse ved behov.</li> </ul>
<p><b>Sak 8/16</b></p>	<p><b>Skjønsmidlar 2016 – søknadar / prosess</b> (vedlegg)</p> <p>Rune Heradstveit gjorde kort greie for skrivet frå Fylkesmannen om skjønsmidlar 2016 og om prioritering og prosess.</p> <p>Særleg område som er prioritert i 2016:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Barn og unge – kommunane sitt arbeid</li> <li>2. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsetta og gode omsorgstenester, jf. Omsorg 2020</li> <li>3. By- og tettstadutvikling</li> <li>4. Beredskaps og samfunnstryggleik</li> <li>5. Interkommunalt plansamarbeid, særleg kommunale digitale planverktøy og plansamarbeid om oppdrett/akvakultur</li> <li>6. Tiltak innan miljø- og landsbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp</li> </ol> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Søknadane må forankrast politisk – minimum hos ordførar / rådmann.</li> <li>▪ Søknad direkte til fylkesmannen - søknadsfrist er 11. mars 2016.</li> <li>▪ Men Regionråda skal vurdere og prioritera mellom søknadane innan denne fristen og søknadane må dermed leggast fram for NUI og Regionrådet innan 29. februar – behandling 4. mars.</li> </ul> <p>Deretter litt drøfting rundt bordet om aktuelle prosjekt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nordhordland digitalt bør utfordrast til å sjå på problematikk kring overvatn - og få fram modellar om dette</li> <li>• Akvakultur – felles regional plan for – Radøy utfordra</li> <li>• Interkommunalt barnevern – bør sjåast på. BUF etat vest bygger ned. Dei svakaste kan bli sendt til andre landsdelar.</li> <li>• Mindreårige – flyktningar – integrere dei med våre ungdommar – integrera dei med det arbeidet vi har.</li> <li>• By-regionprogrammet. Meland jobbar med det</li> </ul> <p>Skal ein få til gode prosjekt er ein avhengig av at rådmenn tek ansvar – vert tatt opp på rådmannsmøte. Prioritering av prosjekt vert sak på Regionrådsmøtet 29. februar.</p>
<p><b>Sak 9/16</b></p>	<p><b>Felles uttale tannklinikstrukturen i Nordhordland. Karstein Totland / Per Lerøy</b></p> <p>Kort innleiing. Fleire refererte frå møte den enkelte kommune hadde hatt med fylkestannlegen. Lindås har ikkje fått invitasjon til dette. NUI hadde gjort klart eit forslag til skriv frå Regionrådet.</p> <p>Det vart påpeika at dette ikkje har med kommunestruktur å gjera, men at dette er ei av dei oppgåvene Regjeringa har sagt kan/skal flyttast til kommunane. Ein bør derfor venta med denne prosessen til etter at kommunestrukturdebatten og regionreforma er landa</p>

	<p>Fleire moment som byggjer opp under å behalda tannklinikkane ute i kommunane vart løfta fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ein har eit godt tilbod i dag, som er tilrettelagt for dei avstandane ein har i regionen / kommunane</li> <li>▪ det å spare pengar kan ikkje vera ei god nok grunngeving</li> <li>▪ det er eit dårleg prosjekt samfunnsøkonomisk</li> <li>▪ mange vil bruka svært lang tid til ein felles klinikk i Knarvik, og må ta seg fri frå jobben for å hjelpa dei yngste og dei eldste.</li> <li>▪ tabell for reisetid tar utgangspunkt i køyring med bil.</li> <li>▪ ein har tannklinikk på Frekhaug som fungerer særers godt i dag – fire skular har i dag gangavstand.</li> <li>▪ Fedje vil få meir enn ein time til tannlege</li> <li>▪ Radøy – har eit godt tilbod – det bør vernast</li> <li>▪ Når det gjeld klinikken som er planlagt i helsehuset, så kan ein byggja opp kompetanse der. Den bør så vera eit kompetansesenter for klinikkane ute i kommunane, og elles ha spesialkompetansen som ein ikkje har ute</li> <li>▪ Få til ein dialog – be om eit samla møte med fylkestannlegen</li> <li>▪ Det vart og stilt spørsmål til kvifor alle 19 fylke byggjer opp kontora sine med forskning.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet sender eit skriv til fylkestannlegen / fylkeskommunen med dei ulike momenta omgåande.</p>
<p><b>Sak 10/16</b></p>	<p><b>Oppnemningar:</b></p> <p><b>Representant og vara til styret for Stiftinga Museumssenteret:</b> Øivind Helland Oddekalv (som leiar av utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling) og Tom Kristian Thorsen (vara)</p> <p><b>Klimaråd Hordaland:</b> Karstein Totland og Jarle Skeidsvoll</p>
<p><b>Sak 11/16</b></p>	<p><b>Møteplan Regionrådet og utval 2016 – godkjenning</b> (vedlegg) Revidert utkast til møteplan var sendt ut på førehand. Alle var einige om ein har felles dato og klokkeslett for endeleg handsaming av framtidig kommunestruktur i kommunestyret. Dag vart bestemt til onsdag 22. juni.</p> <p><b>Vedtak:</b> Møteplan for Regionrådet og utval 2016 vart vedteken.</p>
<p><b>Sak 12/16</b></p>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p><b>Invitasjon til innspel - stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikt</b> Jon Askeland viste til invitasjonen som er kome frå KMD om innspel til meldinga. Fristen er i september. Saka vert tatt inn i Regionrådet ved seinare høve.</p> <p><b>Kommune til kommune samarbeid mellom Norge og Moldova</b> Jon Askeland demokratiutviklingsprosjekt mellom Noreg og Moldova. Radøy og Meland er blitt spurd om å delta i dette. Er dette interessant for fleire? Det er eit flott prosjekt, og KS vil nok dekkja nokre utgifter, men det vil krevja ressursar frå kommunane og det vert skapt forventningar. Det vart litt diskusjon, og alle er enige om at prosjektet er flott. Men det er lite våre kommunar kan henta i Moldova – og det vil krevja både menneskelege ressursar og økonomi. Då er det gjerne betre at me støttar t.d. dei som driv frivillig arbeid. Regionrådet var enige om ikkje gå vidare med dette på noverande tidspunkt.</p>

**Orienteringssak Øyvind Oddekalv**

Oddekalv viste til tankar om eit prosjekt vedr. fråfall frå vidaregåande – initiert av kommunelegen i Masfjorden. Er dette eit tema som er aktuelt å ta opp i Regionrådet og er det mogeleg å søkja midlar om det. Rune Heradstveit tek det i fyrste omgang med inn i Rådmannsutvalet.

Knarvik, 18. februar 2016



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 2/16	Protokoll etter møte 7-2015
Sak 3/16	Orientering om velferdsteknologiprojektet i Lindås kommune
Sak 4/16	Presentasjon Nordhordland Biosfæreområde
Sak 8/16	Presentasjon vedr. skjønsmidlar 2016
Sak 11/12	Revidert møteplan 2016 pr. 5. februar